

Årsmelding

Borgund kyrkjelyd

2020



© Oyvind Kåre Sunde

GENERELT OM KYRKJELYDEN

Borgund sokneråd

Fast medlem

Lisbeth Petra Rødstøl	Leiar, kontaktperson Kirkens Nødhjelp, gudstenesteutval
Astrid Rødølen	Nestleiar, samarbeidsutval barnehagen, kontaktperson Kirkens SOS
Knut Anders Oskarson	Representant fellesrådet
Rune Stordrange	Vararepresentant fellesrådet, trusopplæringsutval
Kari-Elise Veddegjærde	Diakoniutval
Monica Solbjørg	Kulturutval

Varamedlem

Dag Atle Lee Eksund	
Arve Olav Bang	Samarbeidsutval barnehagen
Hans Georg Schaathun	Trusopplæringsutval
Randi Marie Amdam	Diakoniutval

I 2020 hadde soknerådet 9 ordinære møter, eit ekstra ordinært møte og handsama 28 vedtakssaker.

Tilsette

Stab

Kristin Smehus	Dagleg leiar (60%)
Kari Vatne	Sokneprest
Reidar Standal	Sokneprest i Ellingsøy til 31. juli
Ida Marie Weltzien	Sokneprest i Ellingsøy frå 1. august
Mary Rowland	Diakon (75%)
Christian Siejak	Ungdomsprest (75%)
Kjetil Kvangarsnes	Kantor
Mariann Stensøe	Kyrkjelydspedagog (75%)
Kjell Antonsen	Kyrkjetenar (80%) til 31. mars
Eero Voikt	Kyrkjetenar (80 %) Borgund frå 1.april
Martine Jordana Baarøy	Vikar kyrkjetenar
Rebekka Hunger	Vikar kyrkjetenar

Borgund Menighetsbarnehage

Torill Karlsmoen Frantzvåg	Styrar til 31.juli
Solveig Lervik	Styrar frå 1. august
Liv Stensøe	Pedagogisk leiar
Kristin Bjørdal	Pedagogisk leiar
Elisabeth Standal	Pedagogisk leiar
Hans Edvin Henriksen	Barnehagelærer
Vanja Karlsvik	Assistent
Beate Berge	Assistent
Jayanitha Sæther	Assistent
Thor Molnes	Assistent
Elise Karlsmoen	Vikar
Anette Tjernæs	Vikar

GENERELT

Soknet er medlem i Kirkens SOS Møre. Vi har samarbeidsavtale med Himalpartner og støttar deira arbeid i dei tibetanske områda i Vest-Kina og Nepal. Henriette Bryn er soknet sin kontaktperson i Himalpartner. Vi samarbeider også med Kirkens Nødhjelp om Fasteaksjonen.

Foreiningar/utval/arrangement:

- Korarbeid: SyngSang, KidZing, Ministrantkor, Allsing, Borgund Kyrkjekor
- Babysang, Knøttesang
- Andakter/gudstenester på Sanitetshjemmet, Borgundheimen og Hatlane Omsorgssenter.
- Larsgården KFUK-KFUM-speidargruppe
- Formiddagstreff
- Seniordans
- Husfellesskap og kyrkjering
- Ulike utval: styringsgruppe for trusopplæring (ikkje aktivt i 2020), diakoniutval (ikkje aktivt i 2020), kulturutval, gudstenestegrupper, gudstenesteutval
- Borgundmessa

I tillegg har vi mange frivillige som klokkarar og kyrkjevertar, samt andre som har tenester i gudstenestene og ved andre arrangement.

KYRKJELIV

2020 vart annleis-året då heile landet og også kyrkjeleg arbeid stengde ned 12. mars. Den siste ordinære gudstenesta vi hadde var på kvinnedagen 8. mars, og temaet «Uro» var nesten profetisk for det som skulle kome. Vi har kjent på uro og det har vore mange endringar i kyrkjelivet. Talet på kor mange som kan vere til stades i kyrkjerommet har endra seg mange gonger, frå 10 og 20 til 50 og opp mot 200.

I Borgund valde vi å ha open kyrkje 3 dagar i veka under den første nedstenginga, og også resten av året har vi hatt mykje open kyrkje. Sommarstida har vi hatt open kyrkje eit par dagar i veka også før vi blei knutepunkt i kystpilegrimsleia. Frivillige har saman med tilsette vore til stades. Dåp, gravferd og bryllaup har blitt gjennomført med avgrensing i talet på deltakarar. Smittevernreglane har medført at sosiale tiltak som kyrkjekaffi og Borgundmessa måtte gå ut.

Vi har lagt ut andakter på heimesida, der har Kari Kvangarsnes Miller hjelpt oss med små søndagspreiker gjennom det meste av året. Meir om dette under diakoni.

Kystpilegrimsarbeidet er godt i gang. Det er no merka ein sti over Aksla frå Skateflukaia til kyrkja. Stien vart opna av ordføraren i august då kystpilegrimsleia arrangerte visingstur frå Giske via Borgund og Herøy til Nidaros. Alle knutepunktstadane vart besøkt og det vart knytt kontaktar mellom dei ulike stadane. Smøla har hovudkontor for vårt fylke og Trøndelag.

I periodane det har vore ope for fleire deltakarar har vi fått gjennomført Olsok-gudsteneste med foredrag i samarbeid med kyrkjeakademiet, hausttakkefest og utdeling av 4-årsbok. Vi har arbeidd mykje med å utforme enkle gudstenester for få personar med dåp, konfirmasjon med eit avgrensa deltakartal og også å tilpasse tilboda våre til smittevernreglane som til ei kvar tid gjeld. Det siste betydde også at vi ein god del av våren ikkje hadde nattverd.

	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Hovedgudsteneste, søn/helged.	65	60	63	62	56	59	57	60	60	53
Hovedgudsteneste, snitt deltakarar	166	170	157	188	154	145	147	129	99	94
Nattverd, snitt delt.	43	53	42	59	48	46	59	45	41	38
Dåp	91	98	102	91	86	98	102	105	103	108
Dåp, busett i soknet	40	43	43	31	35	49		40	41	
Konfirmasjon	76	68	88	82	89	90	66	62	77	76
Gravferd tot								60		65
Gravferd, busett i soknet	45	57	45	44	60	44	44	36	43	41
Vigslar, totalt	36	43	50	31	46	39	42	24	30	26
Vigslar, busett i soknet			11	5	10	8	8	5	4	

Tala for dette året blir annleis enn tidlegare år. Vi har hatt mange små dåpsgudstenester, med alt frå 4 og deltakarar oppover. Det har vore periodar der talet på kor mange vi kunne ha i kyrkja svinga raskt, og dette har ført til mykje ekstra administrasjon rundt gudstenestene. Konfirmasjonen vart utsett frå mai til i september, og talet på deltakarar frå kvar familie i konfirmasjonsgudstenestene vart avgrensa. Staben har jobba mykje med få til gudstenester som er kortare og likevel har med dei viktigaste liturgiske elementa. Vi har lagt vekt på å skape høgtid og gode opplevingar også når vi ikkje fekk vere så mange i kyrkja. Talet på gudstenester pr. søndag har vore langt høgare enn føregåande år, men altså med færre til stades. Julaften hadde vi 4 gudstenester med påmelding og 50 deltakarar i kvar.

Dåp

Borgund kyrkje har stor pågang når det gjeld dåp. Mange familiar har frå gammalt av tradisjon for at dette er deira kyrkje. Vi har hatt fleire dåp enn sist år – 108 i alt. Mange familiar valde å utsette dåpen, men dei fleste vart døypt mot slutten av året. Vi valde også i haust å sette ned dåpstalet pr. gudssteneste frå 4 til 3, og det viste seg å vere ei god løysing når deltakartala endra seg på ganske kort varsel.

Vigslar

Borgund kyrkje har i alle år vore ettertrakta som vigselkyrkje. 49 par hadde bestilt bryllaup i 2020, mange vart utsett. 24 vigslar blei det i alt og dei aller fleste vart haustbryllaup fordi det då var ei opning slik at ein kunne ha inntil 140 gjestar. Bryllaupskvelden som var planlagt i slutten av mars måtte avlysast, men det er eit tiltak vi vil ta oppatt.

Gravferd

Talet på kor mange som kunne vere tilstades i gravferd har variert gjennom året. Den mest krevjande tida var då det berre var lov å vere 20. Den perioden vart det teke i bruk strømming av gravferdene, det vart gjort av innleigde firma gjennom gravferdsbyråa. Heldigvis vart det etter kvart lov å samle fleire i gravferd, men også der måtte det førast liste over dei som deltok for å kunne spore smitte om nødvendig. Dette har medført ein ny kvardag for alle som er involvert i gravferd. På grunn av smittefaren har vi brukt salen i menighetshuset til sørgesamtalar i staden for å reise heim til sørgande. Salen er laga til med bord i den tilrådde avstand. Prestane i Borgund og Ellingsøy har tenesteveke i begge sokna to veker i gongen.

Omtrent halvparten av gravferdene vert haldne av nabosokna sine prestar då mange som bur i andre sokn ynskjer Borgund til gravferdsseremoni.

Misjon

Borgund har misjonsavtale med Himalpartner. Vi støttar næringsutvikling på den tibetanske høgsletta, og vi har også støtta arbeidet med oppatt-bygging av skular etter jordskjelva i Nepal. Misjonsgudsteneste kvar vår er fast, og den vart halden i starten av mars. På open kyrkje og i adventstida hadde vi varer frå Himalpartner for sal i kyrkja, og dette året laga globalkonfirmantane ei brosjyre til jul med alternative julegåver. På hausttakkefesten som også var menighetens dag i litt forenkla utgåve, var Himalpartner med og hadde stand med informasjon og sal av varer produsert i Himalaya.

TRUSOPPLÆRINGA

Trusopplæringsplanen vart godkjent i 2012. Den er under revisjon. Det er soknerådet som har hovudansvaret for trusopplæringa. Soknerådet har delegert ansvaret til trusopplæringsutvalet.

Trusopplæringa er eit tilbod til alle døypte i soknet. Den er også samarbeid mellom dei ulike fagfelta i kyrkjelyden. Kyrkjelydspedagogen har hatt hjelp av dei andre tilsette i staben både ved planlegging og gjennomføringa av tiltaka.

Dette året har mykje vore annleis. Vi har tilpassa ferdige opplegg i forhold til smittevern og vi har måtte tenkt mykje nytt. Tilbodet til borna har variert gjennom året, men vi har prøvd å holde så mykje som mogleg i gong. Dette veit vi det er mange som har sett pris på.

Trusopplæringstilbod i kyrkjelyden

Dåpssamlingar er det soknepresten som har hatt ansvaret for dette året. Kyrkjelydspedagogen har samlingane når det trengst vikar. Det er dåpssamlingar ca. ein gong i månaden. Her møtest foreldre/føresette til fleire dåpsbarn til samtale og førebuingar til dåpen.

Babysang er samla kvar torsdag formiddag, utanom i skuleferiar. Vi har hatt Babysang som eit tilbod til babyer og foreldre i permisjon så mykje som det har vore mogeleg dette året. Haustsemesteret satt vi ei øvre grense på 15 deltakarar. Vi hadde då fleire på «venteliste».

Knøttesang er samla annakvar veke, utanom skuleferiar. Knøttesang er for born i alderen frå 2 år til ca. 5 år i følgje med ein vaksen. Ved årets byrjing hadde vi ca.10 knøttesangarar. Sidan vi ikkje har vore fleire, har vi gjennomført samlingar gjennom nesten heile året. Då landet vart stengd ned i vår, vart det filma ein «Knøttesang-samling». Denne filmen vart distribuert til medlemmane.

Utdeling av 4-årsbok (Oktober) I år vart det ingen undretur i kyrkjerommet for 4- åringane, men dei vart inviterte til gudsteneste for å få 4- års bok . Til saman delte vi ut 39 bøker. Det er over dobbelt så mange som året før og betyr at halvparten av kyrkjelyden sine 4-åringar har fått bok.

6 år i år- fest for dei som skal begynne på skulen. (Mars) Vi hadde 12 påmelde til 6-årsfest da vi måtte avlyse. Som eit alternativ til samlinga, laga vi ein pakke til dei påmelde. Pakken inneheldt blant anna boka «Tre i et tre», formings-materiale til ein sau og bibelhistoria om sauen som gjekk seg vill.

2. trinn. Gøyme/leite. (September) «Gøyme/leite» kunne vi ikkje gjennomføra i år grunna gjeldande smittevernreglar. Som eit alternativ sendte vi eit brev og boka «Munken og Kula» til alle medlemar fødd i 2013.

3. trinn. Tårnagenthelg. (Februar) 9 av årskullet på 91 barn vart «Tårnagentar» i løpet av ein laurdag i og rundt kyrkja. Dei aller fleste av dei var også med og hjelpte til under gudstenesta søndagen. Denne gudstenesta var ei felles Speidar- og Tårnagentgudsteneste. Tema: «Vi har fått eit oppdrag: å spreie Guds kjærleik ut til alle vi møter».

4. trinn. Levande Vatn. (Mars) Det vart sendt ut invitasjon til «Levande Vatn» ved starten av mars månad. På grunn av at landet stengde ned måtte vi stoppe påmeldinga til «Levande Vatn» og avlyse tilbodet.

6.trinn. Lys Vaken. (Januar) «Lys Våken» vart ikkje gjennomført i 2020 fordi det var for få påmeldte.

Utanom tilboda over er familiegudstenestene, karneval, speidargudstenesta og hausttakkefesten viktige arenaer for trusopplæringa. Sjølv om året har vore veldig annleis, har vi forsøkt å finne gode, trygge og alternative måtar å møtast på. Det gjer at vi har klart å halde bra aktivitet dette året.

Arbeidet for og iblant borna er noko av det viktigaste vi gjer. Det er eit privilegium å få legge til rette for gode møtepunkt mellom kyrkja sin bodskap om Jesus, Guds son og borna som kjem, om det er ein gong i året eller ein gong i veka. Vi er glade for kyrkjelyden sitt engasjement, støtte og forbønn for arbeidet. Vi treng det i dei utfordrande og givande arbeidsdagane vi står i.

KONFIRMANTARBEIDET

Konfirmantkullet 2020/2021: 66

Konfirmantkullet 2019/2020: 77

Som alt anna kyrkjelydsarbeid har også konfirmantarbeidet vore påverka av pandemien. Vi har jobba for å gi konfirmantane ei så normal og god konfirmanttid som mogleg. Likevel har situasjonen ført til store og små konsekvensar for konfirmantåret.

Friluft. Det aller meste av undervisninga skjer ute. Vi bruker gapahuken i Borgundgavlen som fast møteplass der vi går gjennom dagens tema og eventuelle heimeoppgåver. Ungdomspresten har saman med Sunnmøre museum hatt eit prosjekt med å sette opp ein grindbygd gapahuk. Den vart ferdigstillit hausten 2019.

Dei fleste samlingane har innslag av fysisk aktivitet, leik og grilling.

Planlagt konfirmanthelg for friluftskonfirmantane på Fjellseter ungdomssenter vart utsett på grunn av pandemien.

SportY Undervisninga skjer i gymnastikksalen på Kolvikbakken ungdomsskule. Dette er eit opplegg spesielt for dei som likar å vere i aktivitet. Dette er eit samarbeid med Volsdalen-Ålesund konfirmantane. Sporty konfirmantane reiste på leir på Fjellseter saman med konfirmantane i Volsdalen i mars 2020.

GLOBAL-konfirmant er eit tilbod frå KFUK-KFUM. Tema for opplegget er vårt kall til rettferd og måtar kristne gjennom tida har stilt opp for sin neste. Diakon Mary Rowland har ansvar for undervisninga med GLOBAL-konfirmantane.

Soul Friends er et tilrettelagt opplegg for konfirmantar med særskilte behov. Samlingane skjer etter avtale med familie og skule. I konfirmantåret 2019-20 var det ikkje konfirmantar som hadde behov for tilrettelegging. I konfirmantåret 2020/2021 hadde vi 2 konfirmantar med behov for tilrettelegging. Dei kunne ved hjelp av assistent vere i ei friluftsgruppe og følge opplegget der.

Fasteaksjonen 2020 for Kirkens Nødhjelp vart avlyst som dør-til-dør-aksjon og gjennomført digitalt. Temaet var: "Gi eit liv med vatn".

Nattcup for konfirmantar, planlagt i haust 2020, vart avlyst.

Konfirmasjonsgudsteneste På grunn av pandemien vart alle konfirmasjonsgudstenestene flytta til hausten 2020. I Borgund kyrkje feira vi konfirmasjon laurdag 19. og søndag 20.september. Det vart gjennomført 5 gudstenester laurdag og 2 gudstenester søndag. Konfirmantane fekk ha med seg eit

avgrensa tal gjester. Vi fekk mange gode tilbakemeldingar på at det vart fine gudstenester og ein fin dag for konfirmantfamiliene. Ein konfirmant som var sjuk konfirmasjonshelga, vart konfirmert etter gudstenesta ein søndag seinare på hausten.

På grunn av flyttinga av konfirmasjonsgudstenestene fekk det nye konfirmantkullet ikkje starta før etter haustferien i oktober 2020.

SAMARBEIDET MED KYRKJE - SKULE -BARNEHAGE

Påskevandring for 2. klassane kunne ikkje gjennomførast.

Pinsefest. Tiltaket er for barnehagane i soknet. I år vart det berre deltaking frå kyrkjelyden sin eigen barnehage. Til saman var det 15 born og 4 vaksne som feira Pinsefest saman med Kari Vatne, Mariann Stensøe og Christian Siejak. Tema: «Kyrkja sin bursdag».

Julevandring for barnehagane fungerte også veldig flott! Fleire barnehagar deltok og opplevde juleevangeliet med kostymer, song og forteljing. Ungdomsprest og kyrkjelydsspedagog gjennomførte julevandringane.

Skulegudstenester før jul for barneskulane i Larsgården og Hatlane vart i samråd med skulane avlyste. Saman med ungdomar frå Ten Sing fekk vi laga ein kort filmgudsteneste for skulane som dei kunne vise for elevane som erstatning for skulegudsteneste. Gudsteneste for Steinerskulen vart gjennomført og blei ei kjekk samling med mange innslag og song/musikk. Ungdomspresten er ansvarleg for skulegudstenestene.

Anna arbeid. Ungdomspresten er med i arbeidsgruppa *“Ung i Ålesund”* som medarrangør av konfirmantnattcupen i Sunnmørshallen. Cupen vart dessverre avlyst i 2020. «Ung i Ålesund» arrangerer også **MILK** – MiniLederKurs, eit leiarkursopplegg frå KFUK-KFUM, og støtter kursdeltakerane økonomisk. Undervisningsleiar i Volsdalen og Ålesund, Espen Fredheim Johannessen, og ungdomspresten er ansvarlege for kurset. I skuleåret 19/20 var det 10 ungdomar som deltok. 5 av dei var frå Borgund.

Dessverre var det ikkje mogleg å starte eit nytt kurs hausten 2020 grunna pandemien.

Spelekveld for heile familien var også eit av tiltaka vi måtte avlyse. Men ei lita gruppe med born og foreldre møttest digitalt og spelar saman via nett og chat. Dette er kjekt.

DIAKONIARBEIDET

Kyrkja sin plan for diakoniarbeidet omfattar desse fire områda:

- A. Nestekjærleik
- B. Vern om skaparverket
- C. Opne fellesskap
- D. Kamp for rettferd

Diakonen har ansvar for regelmessige samlingar og tenester som «Formiddagstreff», andakt på institusjonar, institusjons- og heimebesøk, kyrkjekaffi og «Open kyrkje» om sommaren. I tillegg har diakonen ansvar for 8. mars-gudstenesta.

Kyrkjelydsstur. Turen som brukar å vere i august kunne ikkje gjennomførast pga pandemien

Open kyrkje og bøn. Frå 2019 blei «Open kyrkje» ein del kystpilegrimsleia. Det er framleis behov for ein stille stad å komme til. Etter nedstenginga i mars hadde diakonen, saman med andre tilsette og frivillige, hatt «Open kyrkje». I sommar var kyrkja open søndag og onsdag. Det er høve til å be og tenne lys. Nokre gonger er det musikk.

Besøksteneste/sjelesorg. I tillegg til diakon og prest gjer fleire medlemmer i kyrkjelyden ein innsats ved besøksteneste på privat initiativ. Besøka kan vere regelmessige eller i periodar når nokon har behov for det, som ved sorg, krise, sjukdom. Besøka kan vere i heimen, på sjukehuset eller på institusjon. Nokre gonger er kyrkja eller kyrkjekontoret staden ein helst vil samtale. Diakonen og fleire av dei tilsette har dette året spesielt hatt ekstra kontakt med kyrkjelydsmedlemmer gjennom året ved bruk av telefon, e-post, tekstmeldingar og brev.

Formiddagstreff. Stor takk til komiteen for «Formiddagstreff» for arbeidet dei gjer med å førebu i salen, pynte bord, lage til mat og rydde etterpå! Fleire har gjort dette i mange år. Det er no behov for nye medlemmer i komiteen dersom vi skal organisere dette på same måte vidare. Vi har i år arrangert nokre få treff når pandemirestriksjonane har tillate det.

Borgundmessa måtte dessverre avlystast i år. Men det vart samla inn gevinstar og send rundt loddbøker på e-post slik at det vart eit lotteri.

Frivillig innsats. Det er mange frivillige som gjer det mogleg å halde fram med regelmessige aktivitetar. Vi tek med glede i mot fleire som kan bidra!

Open bibel er samlingar med bibelsamtale. Vi hadde planar om fleire samlingar dette året der vi skulle gå gjennom fleire av bøkene i det Nye Testamentet – men vi måtte avlyse grunna pandemien.

Sorg, livsmot og tap

Dette vart tema for ei utstilling i allehelgens-helg der Monica Solbjørg stilte ut maleri, og det var open kyrkje dagane før og etter helga. Monica Solbjørg bidrog også med song og Marit Kaldhol med tekstlesing.

Kulturutvalet tok initiativet til utstillinga, vi håper dette kan bli ein fast tradisjon. Det vart mange gode samtalar – og også litt sal der kyrkjelyden fekk ein del av inntekta.

MUSIKALSK ARBEID

Konsertar

I 2020 har det i Borgund kyrkje vore 12 konsertar og musikkandakter (2019: 11) med til saman 827 til stades (2019: 2054). Kulturutvalet består av Halldis Oksefjell, Marit Kaldhol, Monika Solbjørg, Kari Vatne og Kjetil Kvangarsnes. Søndag 26. januar feira kyrkjelyden at orgelet no er ferdig renovert og oppgradert. Dei to planlagde konsertane med «Pasjonsmusikk i Borgund» vart begge avlyste. Konsertserien «Internasjonale kyrkjekonsertar i Ålesund» har vi klart å gjennomføre, med nokre få avlysingar.

Musikk i kyrkjelege handlingar og gudstenester.

Dette året har aktiviteten vore sterkt redusert, særleg når det gjeld deltaking av eksterne kor.

Borgund SyngSang. Øver tysdagar i menighetshuset. Christian Siejak, Mariann Stensøe og Kjetil Kvangarsnes har ansvar for koret. Koret har no 20 medlemmer. Koret har deltatt ved fleire gudstenester, mellom anna på karneval og hausttakkefest. Dessverre kunne vi ikkje gjennomføre dei store flotte arrangementa som påskefestgudsteneste, Menighetens dag og julespelet med SyngSang i Borgund kyrkje på julaftan grunna pandemien.

KidZing. KidZing er for jenter og gutar frå 2. klasse og oppover. Elisabeth Remøy Pasquine, Jenny Helle Stordrange og Kari Sørdal leier koret. Dei har delteke ved fleire gudstenester dette året og også på julekonsert.

Borgund Ministrantkor hadde i 2020 5 medlemmer. Trass i pandemien har koret hatt om lag same aktivitet som tidlegare. Dei har sunge ved 3 konsertar, men dette året har vi berre deltatt på ei gudsteneste.

Allsing Ten Sing gruppa har vore i drift når det var mogleg å møtast. Dei har ikkje delteke på gudstenester i 2020, men fekk vere med på Vintertreff i Ulsteinvik i februar og arrangerte julekonsert i Borgund kyrkje i desember.

Borgund Kyrkjekor Koret har i 2020 hatt 12 medlemmer. Aktiviteten har i stor grad vore prega av korona-situasjonen. Koret har sunge ved 3 gudstenester og hatt 2 konsertar. Koret har også deltatt i markeringar i kyrkja på Påskedag og Pinsedag. Koret har delvis dette året hatt samarbeid med Ellingsøy kyrkjekor og deltok i ordinasjons- og innsettingsgudstenesta for Ida Marie Weltzien i Ellingsøy kyrkje.

Orgelet

Hausten 2019 vart orgelet renovert og oppgradert (sjå årsmelding 2019). Orgelkomiteen og kyrkjelyden kunne invitere til Orgelfest 26. januar. Etter at det vart gjort nokre mindre utbetringar på orgelet i august i år, er orgelprosjektet no ferdig og orgelkomiteen har avslutta sitt arbeid. Orgelkomiteen har gjort eit grundig arbeid som har gitt godt resultat for instrumentet. Økonomistyringa har også vore god. Komiteen vart oppretta i 2017 og har bestått av Sidsel Waage Aurdal, Kristin Roald Bjørnøy, Kjetil Kvangarsnes, Jostein Maude, Odd Olsvik, Dagfinn Ratvik og Svein Olav Sagstad.

BORGUND MENIGHETSBARNEHAGE.

Diakon, kyrkjelydspedagog, sokneprest og ungdomsprest har regelmessige samlingsstunder for borna i barnehagen. For arbeidet i barnehagen elles; sjå eiga årsmelding.

BORGUND OG SPJELKAVIK KYRKJEAKADEMI

Årets hovudtema: Ei jord i krise. Klima, etikk og ansvar.

Medlemsaktivitet:

Styret har hatt fire fysiske møte (januar-august) og laget har gjennomført to opne arrangement. Stengte forsamlingslokale og andre smitteverntiltak på grunn av korona-pandemien førte til avlysingar/utsettingar og sterkt avgrensa aktivitet i laget dette året.

16.06: Årsmøte i Spjelkavik kyrkje. (utsett frå 01.04)

Foredrag v/Ingrid Opedal: Berekraftig forbruk, finst det? Frå Gro til grønmåling. 8 deltakande + styremedlemmar

29.07: Olsokfeiring, økumenisk gudsteneste og foredrag i Borgund i samarbeid med kyrkjelydar i området. Song ved samansett kor og solist Ragnhild Eide Akslen.

Foredrag v/Merete Thomassen: Skapelsens åttande dag. Om forvaltaransvaret og det kristne håpet for ei verd i krise. Ca. 100-120 deltakande

18.11: Foredrag v/Per Espen Stoknes i Spjelkavik kyrkje: Korfor gjer vi ikkje det vi veit er riktig? I samarbeid med Kulturdagane i Spjelkavik.

Arrangementet blei utsett på ubestemt tid.

ÅRSREKNESKAPEN

Årsrekneskapen for 2020 viser eit meirforbruk på kr. 46 783.

Grunna nedstenging og sterke avgrensingar på deltakande ved gudstenestene har soknet fått reduserte offergåver dette året.

Innsamla midlar.

Inntektene frå givartenesta er på kr. 60 400 (kr. 67 200)

Det vart ved ofring samla inn totalt kr. 89 230 (kr. 230 840). Av dette var kr. 35 325 (kr. 90 065) til eige formål og kr. 53 905 (kr. 140 774) til eksterne formål.

Fasteaksjonen til inntekt for Kirkens Nødhjelp var også dette året kun elektronisk. Beløpet kjem derfor ikkje fram i soknet sin rekneskap.

Resultatet etter loddsal (Borgundmessa) var ca. kr. 24 000 (kr. 35 135)

Inntekter frå utleige av menighetshuset var på kr. 51 100 (kr. 99 500)

Gåve frå stiftelsen «Nørvasundspeidernes hytte i Engesetdalen» kr. 398 495 etter sal av speidarhytta «Skålsbu». Midlane er øymerka barne- og ungdomsarbeidet i soknet.

Vi vil også takke for minnegåve i høve Eli Roald Bjørnøy si gravferd.

SLUTTORD

På tross av pandemi var 2020 prega av ganske høgt aktivitetsnivå på mange områder i kyrkjelyden. Vi har ein stab som samarbeider godt og støttar kvarandre. Staben har også vist stor endringsvilje og gjort det beste ut av dei utfordringar som pandemien har medført. Det er vi svært takknemlege for!

Frivillige har i mindre grad vore involverte i arbeidet dette året. Soknerådet har bidrege i drøftingar om korleis ein skulle legge opp arbeidet, og det har også vore andre utfordringar enn pandemien å ta fatt i. Borgund har lagt vekt på kombinasjonen av tradisjon og fornying. Vårt mål er å vere ei open og inkluderande kyrkje der alle som vil kan kjenne seg heime.

Borgund 29. april 2020

Astrid Røddølen
leiar

Monica Solbjørg
nestleiar

Knut Anders Oskarson
medlem

Rune Helle Stordrange
medlem

Kari-Elise Frøystad Veddegjærde
medlem

Lisbeth Petra Rødstøl
medlem

Dag Atle Lee Eksund
varamedlem

Arve Olav Bang
varamedlem

Hans Georg Schaathun
varamedlem

Randi Maria Amdam
varamedlem

Kari Vatne
sokneprest

Kristin Smehus
dagleg leiar/sekretær